

Meland kommune

Postboks 75

5906 Frekhaug.

Klage-dispensasjon frå kommuneplan-frådeling –gnr.5 bnr. 7 –fløksand-Meland kommune.

Dykkar ref. 16/8004.

Merknader til klage frå statens vegvesen på kommunen sin godkjenning av frådeling av 2 parsellar på gnr. 5 bnr. 7-søkjar Terje Fløysand.

Statens vegvesen har i brev av 11.05.2016 påklaga dette vedtaket.

Eg har merknader til ein del punkter i denne klagen.

1. Sakshansamar i statens vegvesen legg større vekt på sitt eige skjønn og vurderingar i høve til dispensasjonsvurderingane enn eit folkevald organ med 9 medlemmer gjer. Ein skulle tru at dette folkevalde organet samla sett har like god om ikkje betre vurderingsevne enn statens vegvesen har. I tillegg har det folkevalde organet vore på synfaring og sett kvar parsellane ligg i terrenget og kva trafikksituasjonar desse vil få. Statens vegvesen har ikkje vore på synfaring.
2. Parsell 2 vil ha direkte avkøyring til kommunalveg. Denne vegen har 30 km fartsgrense med humpar slik at trafikksikkerleiken her er godt ivareteken. I tillegg munnar denne kommunale vegen i sør ut i fylkesveg 564. Frå dette vegkrysset er det bygd god gå-og sykkelveg som går heilt til Vestbygd skule utan å kryssa andre fylkesvegar eller andre vegar med stor trafikk. Denne parsellen har såleis dei kvalitetar for si avkøyring som vegvesenet etterlyser. I dette krysset er det og tillaga gode busslommer for busstrafikken. Ein vil og minne om at det er kommunen som er vegstyremakt for kommunale vegar.

3 Parsell 1 kan i ein overgangsfase, (inntil fylkesveg 564 her er opprusta med gå/sykkelvegar) nytta den same kommunale vegen som parsell 2 vil få. Tilkomsten til kommunevegen vil skje via privat veg frå omsøkt.parsell 2. Så snart fylkesvegen har fått den standard som vegvesenet etterspør, kan avkøyringa flytta til same felles avkøyring som fleire bustadar i dag har mot fylkesvegen. Tar ein omsyn til det som her er dokumentert ,vil grunnlaget for Statens vegvesen sin klage fella bort og klagen bør derfor avvisast.

Ein vil og samstundes påpeika at desse tilhøva vart det og opplyst om i min søknad om frådelingar som kommunen har godkjent. Dersom statens vegvesen hadde vurdert desse opplysningane ,burde vegvesenet sjølv forstått at det her ikkje var grunnlag for nokon klage.

Fløksand ...../.... 2016

For Terje Fløysand.

Asle Fløysand

